

Talepunkt og sjekkliste bedriftsbesøk

Me ber og at det blir lagt fram følgjande dokumentasjon på møtet:

1. Dokumentasjon på at verksemda har eit internt kvalitetssikringssystem som skal sikre at lærlingen eller lærekandidaten får opplæring i samsvar med opplæringslova med forskrift (jfr. opplæringslova § 4-7).
2. Plan for intern opplæring (jfr. opplæringslova § 4-4).
3. Dokumentasjon på halvårssamtale og kven som gjennomfører disse (jfr. forskrift til opplæringslova § 3-13).
4. Dokumentasjon på korleis lærling er delaktig i eigenvurderinga (jfr. forskrift til opplæringslova § 3-12).

Opplæringslova

§ 4.7 **Internkontroll** i den enkelte lærebedrifta.

Lærebedrifta skal ha intern kvalitetssikring, slik at lærlingen eller lærekandidaten får opplæring i samsvar med lov og forskrift.

Lærebedrifta skal årleg rapportere til fylkeskommunen om opplæringa av lærlingar/lærekandidatar.

§ 3-12 **Eigenvurdering**

Eigenvurderinga til eleven, lærlingen og lærekandidaten er ein viktig del av undervegsvurderinga. Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

§ 3-14 forskrift **Halvårsvurdering for lærlingar og lærekandidatar i bedrift.**

Halvårsvurdering er ein del av undervegsvurderinga for lærlingar og lærekandidatar. Halvårsvurderinga er utan karakter og skal beskrive kompetansen til lærlingen og lærekandidaten i forhold til kompetansemåla i læreplanverket. Ho skal også gi rettleiing om korleis lærlingen og lærekandidaten kan auke kompetansen sin i faget. Instruktøren gjennomfører halvårsvurderinga utan karakter.

- Skal syne kompetansen til lærlingen i forhold til kompetansemåla i læreplanen.
- Instruktøren gjennomfører, gjerne saman med opplæringskontoret.
- Vurderinga skal vera så «tett på opplæringa» mogleg
- Der kor lærlingen har fleire instruktørar, kan fagleg leiar gje halvårsvurderinga.
- Evt prate om «eit tverrfagleg opplæringskontor kontra eit bransjekontor» ift kompetanse på oppfylging av læreplanen

Ta opp med lærlingane

- Det er flott at de er kompt ut i arbeidslivet. Me treng fagfolk i landet!

- Dette er eit arbeidsforhold, med dei rettar og plikter som fylgjer.
- Pass på og ha eit ryddig forhold til arbeidsgjevar

-Viktig at dei kjenner til læreplanen.

- Bruk læreplanen aktivt
- Udir.no

-Viktig at dei fører oversikt over kva dei gjennomgår opplæring i.

- Lag gjerne ein logg.

-Viktig at dei jamnleg føretek eigenvurdering av arbeidet dei utfører, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling. (3-12 i forskrifta). *Det er di utdanning.*

- **§ 3-12 Eigenvurdering**
Eigenvurderinga til eleven, lærlingen og lærekandidaten er ein viktig del av undervegsvurderinga. Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

-Du har rett på halvårssamtale – halvårsvurdering.

- Gjeld faglig utvikling
- Instruktøren skal gjennomføra halvårsvurderinga (oppl.ktr administrerer gjerne og deltar)
- Samtalen skal ikkje vera tilfeldig, men avtalt på førehand. Det skal skrivast ei oppsummering
- Bruk samtalen aktivt. Set **mål for faglig utvikling** den neste perioden. Sjekk ut at de er på rett spor.

-Snart klar for fagprøva?

- Har du alle karakterar på plass?
- Arbeidsgjevar skal melda lærlingen opp, men pass sjølv på at dette blir gjort.
- Sjekk ut at du kan!
- Syt for å repetere arbeidsoppgåver du er usikker på og har lite trening i
- Snakk gjerne med andre som har teke fagprøven i faget og få deg eit «bilde» av situasjonen

-Havna på feil hylle i livet?

- Kontakt oss på fagopplæringa for samtala om kva som er fornuftig å gjera med det.

Ta opp med læreverksemda

-Fagopplæringa ynskjer å vera meir tett på læresituasjonen. Vera på tilbodssida (retteiing og førebyggja). Mål: Flest mogleg gjennomfører læretida og tar fagprøve.

-Tilbakemelde frå samtale med lærlingar. Generelt inntrykk og eventuelle spesifikke forhold (på system eller lærling)

- Dialog om intern kvalitetssikringsarbeid – når og hvis me etterspør læreplan, intern opplæringsplan, oppfylgingsrutinar, så skal dei vera på plass.

- Er læreverksemda og fagopplæringa a jour på ansatte med roller? Er det rutinar for dette?
- I ettertid må ein kunne dokumentere at ein har drive med god opplæring og oppfølging.
- Klage og søksmål. Bruk av advokatar

-Har verksemda/opplæringskontoret intern plan for opplæringa?

- Er den kjent?
- Blir den brukt?

-Halvårsamtale

- Kven gjennomfører halvårsamtale og blir dette dokumentert?
- Korleis blir denne gjennomført? Planlagt eller tilfeldig?
- Kva innhold har ein slik samtale? Den skal vera yrkesfagleg. Ta også med andre utfordringar.
- Ser ein tilbake på forrige samtale og «sjekkar ut»?

-Eigenvurdering

- Eigenvurderinga til lærlingen er ein viktig del av undervegsvurderinga. Lærlingen skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

Er ansvarsrollene mellom opplæringskontor og læreverksemd tydelige?

-Planlegg læreverksemda å ta inn lærlingar i nye lærefag?

-Har læreverksemda tilbakemeldingar til korleis fagopplæringa kan bli betre?